

Referat frå styremøte i Herand Bygdelag.

Stad/tidspunkt: Herand skule, 27. april 2011, kl 19.00 – 21.00.

Til stades: Dan Danielsen, Bjørg Samland, Gerd Haugen, Einar Ystevik, Sidsel Haugen, Ole-Gisle Vassel.

Sak 1, Brev frå Fonn Kontorservice AS med kommentarar til årsmeldinga for 2010.

Ole-Gisle Vassel sa seg inhabil og deltok ikkje i handsaming av saka.

Leiar refererte motteke brev av 15.04.11 frå Fonn Kontorservice AS. Styret tar brevet, som omhandlar driftsåret 2010, einstemmig til etterretning og vil i tillegg opplysa om at: Herand Bygdelag eig Herand Barnehage. Styret har difor ansvar for barnehagen sin økonomi og dei tilsette. Styret har ansvar for å vedta budsjett og å orientera om dette på årsmøtet. Styret har vidare ansvar for at ein forsvarleg rekneskapsførsel vert gjennomført og at rekneskapan, saman med styret si årsmelding frå barnehagen, vert framlagt for godkjenning på årsmøtet.

Sak 2, Økonomirapportering frå Herand barnehage.

Kasserar orienterte om driftsresultatet pr 31. mars 2011, som er i samsvar med budsjettet.

Vedtak: Styret tok orienteringa til etterretning.

Sak 3, Val av styret sin representant til Samarbeidsutvalet (SU) i barnehagen.

Vedtak: Gerd Haugen vart valt til styret sin representant i SU.

Sak 4, Endring av lønnsavtale for Herand Barnehage.

Herand barnehage er medlem i Private Barnehagers Landsforbund (PBL).

Vedtak: Nytilsette i Herand Barnehagen skal lønnast etter PBL sin tariff.

Sak 5, Dugnad 30. april.

Leiar orienterte om dugnaden og planleggingsmøte med representantar for lag og organisasjonar i bygda.

Sak 6, Gjennomgang av leigeavtalar som Herand bygdelag har inngått.

Vedtak: Det vart valt nemnd for gjennomgang av bygdelaget sine leigeavtalar, med Dan Danielsen, Sidsel Haugen og Ole-Gisle Vassel som medlemmer.

Sak 7, Eventuelt.

1. Einar Ystevik har permisjon frå styret i ca 6 månader, vara Sidsel Haugen går inn som fast styremedlem i perioden.
2. Styret har motteke bekymringsmeldingar i høve til bruk av usikra trampoline på dampskipskaien. Herand Bygdelag og Herand Båtlag sender felles brev til Kram Sjø med kopi til Jondal kommune, som eig kaien, og oppfordrar til å fjerne trampolina eller sikre bruken forsvarleg.
3. Dan Danielsen og Gerd Haugen deltar i møte med kommunen 2. mai 2011 i samband med utarbeiding av kommunale retningslinjer for private barnehagar i Jondal.

Ole-Gisle Vassel/skrivar.